

Vedtaksaker årsmøte 2. mars 2025 - EIL

Sak 1: Retningslinjer for tildeling av treningstid i kommunale idrettshallar - forslag frå fotballgruppa

Bakgrunn

Kinn Kommune og Kinn idrettsråd har ingen offisielle retningslinjer for tildeling av treningstid i kommunale idrettshaller.

Tildeling av treningstider i Eikefjord fleirbrukshall har blitt fordelt gjennom møter med hallstyret og gruppene som ønsker treningstid i Eikefjord fleirbrukshall.

Ved tidlegare fordeling av treningstid i Eikefjord fleirbrukshall har det hendt (seiast inneverande år 2024/25) at aktivitetar for barn og ungdom har fått treningstid på seinare tidspunkt enn aktivitetstilbod som primært har vaksne deltakarar.

Barn- og Ungdomsaktivitetar (opp til 19 år) skal i tråd med spelemiddelreglane ha prioritet i kjernetida på kommunale idrettsanlegg.

Då Kinn Kommune og Kinn Idrettsråd ikkje har utarbeida offisielle retningslinjer for tildeling av treningstid i kommunale idrettshaller, må Eikefjord Idrettslag sørge for at det blir lagt slike retningslinjer gjeldande for Eikefjord fleirbrukshall. Slik at ein tildeler treningstid i tråd med spelemiddelreglane, og at aktivitetar for barn og ungdom har prioritet i kjernetid.

Forslag til vedtak:

Eikefjord idrettslag, utarbeidar retningslinjer i tråd med NIF og spelemiddelreglane for tildeling av treningstid i kommunale idrettshallar, gjeldande for Eikefjord fleirbrukshall.

Høringsfrist på retningslinjer ut til undergruppene: 30.04.2025.

Tidsfrist for implementering i Eikefjord idrettslag: 31.05.2025.

Sak 2: Friidrettsgruppa - forslag frå EIL hovudstyret

Bakgrunn

EIL har over fleire år streva med å halde oppe eit tilbod innan ulike friidrettsaktivitetar. Kristen Stæger-Breisnes har dessverre blitt ståande mykje aleine i dette arbeidet. EIL er avhengig av at fleire personar melder si interesse for å få opp aktivitetar i gruppa.

Forslag til vedtak:

EIL oppmodar fleire personar om å melde seg i arbeidet for å revitalisere Friidrettsgruppa. Ein står fritt til å foreslå ønska aktivitetar innan friidrettssegmentet. EIL vil bistå med ressursar for å løfte fram gode idear. **Personane må melde seg innan 1. juni.** Om ein ikkje klarer å rekruttere fleire personar inn i styret og mobilisere for auka aktivitet vil Friidrettsgruppa bli lagt på is, inn til vidare.

Sak 3. Medlemskontingent i EIL 2026-2027 - forslag frå EIL hovudstyret

Medlemskontingent for familie er kr. 400,-.

Medlemskontingent for vaksen/ over 18 år - kr. 200,-.

Medlemskontingent for barn/ under 18 år - kr. 100,-.

Forslag til vedtak:

Prisane blir uendra for dei 2 neste åra.

HOVUDSPONSORAR

